

## SKOGSDRIFT



Etter ein første plass i 2017, fell avverkinga i kommunen til fjerde plass i 2018, etter Gaular, Stryn og Førde.

Den totale omsetjinga var på **12 861 m<sup>3</sup>** med ei verdiskapning på kr. **5 194 726,-**.

Omsetjinga for sagtømmer har eit volum på

5 599 m<sup>3</sup> og ein verdi på kr. 2 505 787,-. Attståande volum på 7 147 m<sup>3</sup> med ein verdi på kr. 2 688 939,- er massevirke.

Denne store hogstmengda er omsett gjennom Vestskog SA.

Utviklinga i hogst gjennom dei siste 10 åra:

År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
<b>Leverandører</b>	<b>36</b>	<b>41</b>	<b>66</b>	<b>49</b>	<b>77</b>	<b>85</b>	<b>77</b>	<b>31</b>	<b>27</b>	<b>11</b>
Levert kvantum	12 861	16 050	18 678	9793	27348	24240	8810	4532	2331	1629
Gjennomsnitt	404	391	283	200	355	285	114	146	86	148
Plassering i fylke	4	1	2	4	2	2	6	6	10	5

Gjennomsnittspris på alle sortiment er 404 kr./m<sup>3</sup>. Levering består i hovudsak av gran, industrivirke på 12 766, m<sup>3</sup> -99% og furu, industrivirke er levert på 93 m<sup>3</sup> – 1%.

## DRIFT I VANSKELEG TERRENG



Aktivitet og kostnader til drifta for 2018 er også lågare enn i 2017.

Det er registrert og behandla berre ein søknad for taubane.

Søknad gjaldt:

- Kvantum - 1 000 m<sup>3</sup>
- Areal - 25 daa
- Kostnad - kr. 316 500,-
- Tilskot - kr. 99 200,-

Utviklinga i drift frå 2011:

År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Stk. søknader	1	16	18	5	10	10	1	1
Kvantum m <sup>3</sup>	1000	6625	5630	1289	5351	6768	46	53
Areal daa	25	149	144	91	178	138	7	5
Kostnad	316 500	2 000 192	1 829 491	475 624	2 226 386	2 404 242	20 000	15 000
Utbetalt tilskot	99 200	639 500	557 800	97 820	539 633	630 640	6 960	7 950

## SKOGKULTUR

Skogkultur for 2018 har ikkje opplevd så stor aktivitet sidan 1990 åra.

Kommunen fekk tildelt ei tilskotsramme på kr. 266 597,-

Det er tilplanta 82 670 plantar, hovudsakleg gran, på 377 daa. Samla kostnad på plantekjøp og arbeid med nyplanting var på kr. 517 581,-. Det er utbetalt tilskot på kr. 260 677,-.

Det var utført også suppleringsplanting av 40 dekar med 2 800 stk. planter, med kostnad kr.



11 140 og utbetalt tilskot kr. 5 920,-.

I skogkulturtiltak har Eid kommunen utvilsamt suksess med første plass i fylket.

Det er utført avstandsregulering på 9 dekar med kostnad kr 4 200,- og utbetalt tilskot kr. 2 100,-.

Ovannemnde inneheld altså handsaming og utbetaling for 28 søkjarar.  
Det var etablert juletreproduksjon på 500 stk. og kostnad kr.10 000.

Utvikling i nyplanting gjennom dei siste 10 åra;

År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Stk. plantar	82 370	58 800	32 980	48 790	50600	45299	1000	9500	1000	22950
Areal daa	377	308	147	207	206	189	5	40	4	101
kostnad	517 581	342 659	193 640	270025	293480	260834	5420	54002	4075	133414
Utbetalt tilskot	260 377	185 562	113 836	216420	234726	208664	4065	40501	3056	92430
Plassering i fylke	1	2	6	2	2	5	13	11	14	3

I skogkulturtiltak har Eid kommunen utvilsamt suksess med første plass i fylket.

Den stor auken av aktiviteten er eit resultat av samarbeid mellom skogeigarar og Vestskog SA som stod for flest av plantinga.

## SKOGSVEGAR



10 skogeigarar har søkt om utbetaling frå posten ”udekka investeringar” i skogfond og fekk samla utbetalt kr.199 383,-.

Det kom inn 3 søknadar om bygging av landbruksveg. Alle fekk byggjeløyve.

Dei nye søknadane gjaldt:

- 2 stk. traktorveg kl. 7 - på 348 meter– nybygg og 277 meter ombygging til kl. 7.
- 1 stk. bilveg kl. 4 - på 180 meter – nybygg

Samla byggjekostnaden er på om lag kr. 286 750,-. Det er ikkje søkt om tilskot til traktorvegar og bilvegar. Vegane har interesser i skog, landbruk og ikkje landbruk.

Det var løyvinga på kr. 2 862 373,- til vegbygging i heile fylke. Eid kommune har fått eit samla tilskot på kr.358 200,- til vegar under bygging i 2018.

## SKADER PÅ SKOG

Det er framleis ikkje observert auka skader som følgje av insektsangrep.

## SLUTTKOMMENTAR:

Eid kommune har organisert 1 kurs innanfor informasjon og rettleiing. Kurset gjaldt skogfond og var i regi av Aktivt Skogbruk ved Arnt Laukeland AS.

Til organisering av ovannemnde aktiviteten brukte Eid kommune kr. 4 820,- frå rentemidlar i skogfond.

Dessutan vart det i desember organisert ein vellykka skogkveld. Kostnadar på kr. 344,67 er bokført i 2019.

Det er påbegynt skogbruksplanlegging for kommunen i 2018. For dette føremål var det nytta kr. 853,09 frå rentemidlar.

Skogeigarane har eit godt samarbeid med Vestskog AS og har gjort ein stor innsats, som har resultert i 1. plass i fylket knytt til nyplanting med høgaste tal nokon gong sidan 1990 åra.

Verdiskaping på kr. 5 194 726 for hogst gav oss fjerde plass i fylke.

Grunneigarane håpar på at taubane vender tilbake.